



Museumssenteret i Hordaland

Dato: 06.05.2015
Vår ref.: 2015/2962-4
Saksbehandlar: elibjor
Dykkar ref.:

Underretning om vedtak. Fordeling av museumsplanmidlar for 2015. Museumssenteret i Hordaland

Fylkestinget vedtok handlingsprogram for museum 2015 på møte den 10. mars i år, PS 20/2015. I samsvar med handlingsprogrammet har Hordaland fylkeskommune tildelt Museumssenteret i Hordaland følgjande tilskot for 2015:

1. Kultur- og ressursutvalet vedtok på møte 16.04.2015 (PS 51/2015) å tildele museumsplanmidlar til tiltak 30 Digitalt Museum og interaktiv kommunikasjon med publikum kr 50 000
2. Kultur- og ressursutvalet vedtok å tildele museumsplanmidlar til tiltak 32 Felles plan for samlingsforvaltning 750 000 kr til eit Thermo Lignum-kammer. Løyvinga vert gitt til Museumssenteret i Hordaland, Bevaringstenestene.

Kultur- og ressursutvalet vedtok å tildele museumsplanmidlar til tiltak 1 Drift og investering kr. 200 000 til museumsløft, felles til alle musea organisert gjennom Museum Vest.

Grunngjeving

1. Tildeling av midlar til tiltak i museumsplanen er gjort direkte som ledd i gjennomføringa av handlingsprogram for musea. Den bygger på prioriteringane i Museumsplanen 2011-2015, som vart ført vidare i vedtaket av 10.03.2015.
2. Tildeling til tiltak 30 Digitalt museum og interaktiv kommunikasjon med publikum har nær samanheng med satsinga på samlingsforvaltning. Midlane er knytt til digitalisering.
3. Tildeling til tiltak 1 drift og investeringar til utgreiing om bygningsssituasjonen ved musea og kartlegging av behov for tiltak (museumsløft).
4. Tildeling til tiltak 32 felles plan for samlingsforvaltning, Thermo Lignum-kammer viser til at Bevaringstenestene utfører viktige fellesoppgåver for musea i Hordaland. Thermo Lignum-kammeret er framleis ikkje fullfinansiert. Løyvinga går såleis til ei ytterlegare finansiering av kammeret som fekk 900 000 kr av museumsplanmidlane for 2012. Dette er eit viktig verktøy for dei tenestene som Bevaringstenestene skal utføre.

Saksinformasjon er tilgjengeleg på Hordaland fylkeskommune si heimeside under politiske saker, Fylkestinget 10. mars [PS 20/2015](#), Kultur- og ressursutvalet 15. april [PS 51/2015](#)

Utbetaling

Tilskota vil bli utbetalt dykkar konto med kr. 800 000,-. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt sum er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Føresetnader for tilsegnet

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader:

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med føremål, innhald og framdrift samt kostnads- og finansieringsplan slik det går fram av søknaden.
- Tilsegnsmottakar gjennomfører rapportering, leverer rekneskap og medverkar til kontroll som nemnd under.
- Det er ein føresetnad at tilsegnsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følge.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet, gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>

Rapportering

Rapport og rekneskap, signert av prosjektansvarleg, sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga ved prosjektslutt. Rapporten skal minst innehalde desse punkta: Utgreiing om gjennomførte tiltak og i kva grad målsettinga vart nådd, peike på eventuelle avvik og grunngje desse, informere om eventuell vidareføring. Tilsegnsmottakar skal sjølv varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkrevd for sin kontroll.

Brot på vilkåra

Dersom det ligg føre brot på vilkåra for tildelinga eller reglar om rapportering/rekneskap og kontroll kan vedtaket om tildeling bli gjort om, med krav om heil eller delvis tilbakebetaling av tildelte midlar.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagemynde er Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.